

Reglar for trivnad og orden for Grindhaug skule

Grindhaug skule skal vere ein trygg og god skule for alle.

Me skal vise hensyn slik at alle har det bra.

Du har rett på:

- Å få god undervisning
- At det er ro og orden i klasserommet i timane og i friminutta
- At klasseromma er sunne, hyggelege og trivelege å være i
- At ingen snakkar stygt om deg, erter deg eller plager deg på andre måtar
- At alle er høflege og greie mot deg
- At lærarane griper inn dersom du eller andre blir plaga
- At alle viser respekt for deg og meiningane dine
- At egedelane dine får vere i fred
- At skulevegen er trygg, enten du går eller sykklar

Du har ansvar for:

- Å vere positiv til og interessert i undervisninga
- Å komme presis til timane
- Å vere høfleg mot elevar og tilsette
- At ingen blir heldt utanfor
- At du ikkje plagar andre elevar eller tilsette
- Å vere lydige mot personalet på skulen
- Å gå i trapper og korridorar
- Å hjelpe til å holde det reint og ryddig ute og inne
- Å kle deg etter vêret
- Å ha med deg sunn skulemat
- Å bare kaste snøball på anvist område



Vi minner om:

- At det generelt ikkje er lov å ha med snop på skulen
- Mobiltelefonar skal vere avslått i skuletida. Det er ikkje lov å nytte utstyr som ein kan ta bilete/filme med utan at dette er avtalt med lærar. Ved brudd på denne regelen skal mobiltelefonen ligge på kontoret til skuledagen er slutt.
- At rektor har lov til å vise ein elev bort frå undervisninga i enkelttimar eller resten av dagen, etter å ha samrådd seg med læraren til eleven.